



Flaumsonekartlegging i Olden og Loen, Stryn kommune



Sunnfjord Geo Center



Prosjektinformasjon og status		
Dokumentnr.:	Dokumenttittel:	
2020-09-196B	Flaumsonekartlegging i Olden og Loen, Stryn kommune	
Revisjon:	Skildring:	Leveransedato:
0	Godkjent rapport	03.03.2021
Kontraktør:		
 <p>Sunnfjord Geo Center</p>		Kontaktinformasjon: Sunnfjord Geo Center AS Småbakkane 19 6984 Stongfjorden Tlf: 577 31 900 E-post: post@sunnfjordgeocenter.no Organisasjonsnummer: 998 899 834 MVA
Kundeinformasjon:		
Stryn kommune v/ Geirmund Dvergsdal Tonningsgata 4 6783 Stryn		
Fagområde:	Dokumenttype:	Lokalitet:
Hydrologi	Rapport	Oldedalen og Lodalen, Stryn kommune
HMS-risikovurdering før feltarbeid:	Dato for risikovurdering	Hending/avvik meldt:
Oppgi risikogruppe 1	25.10.2020	Nei
Feltarbeid utført av:	Dato for feltarbeid:	
Torkjell Ljone Anders Haaland	26.10.2020-30.10.2020	
Rapport utarbeidd av:	Dato for ferdigstilling:	Signatur:
Rev 0: Anders Haaland	01.03.2020	Anders Haaland (sign.)
Rapport kvalitetssikra av:	Godkjend, dato:	Signatur:
Rev 0: Torkjell Ljone	01.03.2021	Torkjell Ljone (sign.)
Rev 0: Atle Nesje	02.03.2021	Atle Nesje (sign.)

Samandrag

Sunnfjord Geo Center AS har på oppdrag av Stryn kommune utført flaumsonekartlegging for delar av Oldenvassdraget og Loenvassdraget. Flaumsonekarta er gjort i samsvar TEK17, og er delt inn etter tryggleiksklassane F1, F2 og F3. Det kartlagde området i Loenvassdraget er den om lag 3 km lange strekninga frå Lovatnet til utløpet i Lobukta. I Oldenvassdraget er strekninga mellom Floen og Oldebukta, strekninga mellom Oldevatnet og Floen, og i tillegg heile elvestrekninga frå Briksdalen til utløpet i Oldevatnet kartlagt.

Flaumberekningane er i hovudsak gjort med bakgrunn i flaumfrekvensanalysar på måleseriar frå stasjon 88.30 Nordre Oldevatn og stasjon 88.4 Lovatn som dekker kring 90 % av kvar sine respektive vassdrag. Begge stasjonane har måleseriar attende til byrjinga av 1900-talet tilgjengeleg, og representerer flaumtilhøva svært bra i området. I tillegg er det utført flaumfrekvensanalysar på seriar frå samanliknbare felt i nærleiken, mellom anna frå stasjon 88.11 Strynsvatn. For sideelver der målestasjonane i vassdraget ikkje representerer flaumtilhøva like bra, er det også utført flaumberekningar med *Nasjonalt formelverk for flomberekningar i små felt* (NIFS) og *Regional flaumfrekvensanalyse* (RFFA 2018).

For å berekne vasstandar og flaumutbreiing er det hydrauliske modelleringsprogrammet HEC-RAS nytta. Programmet kan utføre modelleringar både som 1D og 2D, og i dette prosjektet er begge metodar forsøkt for å få det beste resultatet. Det er utarbeida 2D-modell for Loenvassdraget, Oldeelva og nedre deler av Dalelva i Oldedalen og 1D-modell for kartleggingsområdet på Eide, øvre deler av Dalelva og Briksdalselva. Ved alle trafikkerte bruer er det modellert vasshøgder ved 200-årsflaum. Modelleringa ved bruene er utført som 1D.

Det er inkludert eit klimapåslag på 40 % i alle flaumsonekarta. Flaumsonekarta viser at Loelva og Oldeelva har generelt god kapasitet, og at det hovudsak er jordbruksareal som vil verte flauma over. I nedre deler av Dalelva i Oldedalen, ligg elva enkelte stader høgare enn flaumslettene på sidene av elva. Dette gjer at når vatnet fyrst går over elvekantane, så kan store areal potensielt verte flauma over. Flaumsonekarta viser at allereie ved ein 20-årsflaum vil store areal verte råka av flaum.

Det vert tilrådd å legge til ein tryggleiksmargin på 30 cm for dei berekna vasstandane i Loen, Olden og nedre deler av Dalelva der det er utført 2D-modellering. For kartleggingsområdet i øvre deler av Dalelva, Volefossen, Melkevollelva, Briksdalselva og på Eide tilrår vi ein sikkerheitsmargin på 50 cm.



Innholdsliste

1. Innleiing	5
1.1 Tryggleikskrav	5
1.2 Avgrensing av analyseområde.....	6
2. Skildring av vassdraga	9
2.1 Felteigenskapar Oldenvassdraget	9
2.2 Felteigenskapar Loenvassdraget.....	12
3. Klima og havnivå	15
3.1 Klimapåslag for flaumar.....	15
3.2 Havnivå	16
4. Hydrometiske målestasjonar	17
5. Flaumberekningar	18
5.1 Flaumfrekvensanalysar.....	18
5.2 Regional flaumfrekvensanalyse (RFFA 2018) og Nasjonalt formelverk (NIFS).....	20
5.3 Dimensjonerande flaumstorleikar	22
5.4 Usikkerheit	23
6. Hydrauliske modellar	24
6.1 Metode og bakgrunnsmateriale	24
7. Resultat	29
7.1 Flaumsonekart	29
7.2 Kalibreringsdata og modellsensitivitet	29
7.3 Lågpunkt	31
8. Referansar	32
Vedlegg	I
1. Flaumfrekvensanalysar	II
2. Bruer	V
2.1 Oldenvassdraget	V
2.2 Loenvassdraget.....	XIV
3. Faresonekart	XVIII
4. Modellerte vasshøgder	XLV

1. Innleiing

Sunnfjord Geo Center AS er engasjert av Stryn kommune for å vurdere flaumfaren for utvalde område av Lodalen og Oldedalen. Vurderinga er gjort i samsvar med TEK17 og NVE sine retningsliner for vurdering av flaum- og skredfare i arealplanar (retningsliner 2/2011).

1.1 Tryggleikskrav

Akseptkriterium for flaumfare er gjeve i §7-2 i Byggteknisk forskrift (TEK17). Tryggleikskrava i TEK17 gjeld for nye byggverk. Krava vil òg gjelde ved utvidingar og nybygg knytte til eksisterande byggverk, jf. temarettleiaren «Utbygging i fareområder» frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK).

Byggverk der konsekvensane av skred er særleg store skal plasserast utanfor flaumutsett område. Dette gjeld til dømes byggverk som er viktig for regional og nasjonal beredskap og krisehandtering, samt byggverk som er omfatta av storulykkeforskrifta.

For byggverk i flaumutsett område skal kommunen alltid fastsette tryggleiksklasse. Kommunen må sjå til at byggverk vert plassert trygt nok i høve til dei tre tryggleiksklassane F1 - F3.

Tabell 1: I byggteknisk forskrift vert byggverk kategorisert i tre tryggleiksklassar, som definerer akseptnivå for flaum.

Tryggleiksklasse for flaum	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn	Døme
F1	Liten	1/20	Lager med lite personopphald, garasje
F2	Middels	1/200	Bustad, skule, barnehage, industribygg
F3	Stor	1/1000	Sjukeheim, brannstasjon, sjukehus, avfallsdeponi med forureiningsfare

Tryggleiksklasse F1 inngår byggverk med lite personopphald og små økonomiske eller ander samfunnsmessige konsekvensar.

Tryggleiksklasse F2 omfattar dei fleste byggverk som er berekna for personopphald. Dei økonomiske konsekvensane ved skadar på byggverk kan vere store, med kritiske samfunnsfunksjonar vert ikkje sett ut av spel. I delar av flaumutsette områder kan ved vere større flaumfare enn elles. I områder der det under flaum vil vere stor djupne eller sterk straum, bør det vere same tryggleiksnivå som tryggleiksklasse F3. Dette gjeld områder der djupna er større enn 2 meter og der produktet av djupne og vasshastigheit (m/s) er større enn 2 m²/s.

Tryggleiksklasse F3 omfattar byggverk for sårbare samfunnsfunksjonar og byggverk der overfløyning kan gje stor forureining på omgjevningane. Byggverk som inngår i F3 er byggverk får særleg sårbare grupper av befolkninga (t.d. sjukeheim), byggverk som skal fungere i lokale beredskapssituasjonar og avfallsdeponi der overfløyning kan gje forureiningsfare.

Føresegna om flaum omfattar også stormflo. Det betyr at dei same tryggleiksnivåa gjeld.


TEK17 opnar for at byggverk i F1 - F3 kan oppnå naudsynt tryggleik ved at det vert gjennomført sikringstiltak

1.2 Avgrensning av analyseområde


Områda som er kartlagt for flaumfare ligg i Olden, Oldedalen og Lodalen i Stryn kommune. I Olden er strekninga frå Olden sentrum til Floen, og strekninga mellom Floen og Nordre Oldevatn vurdert. I Oldedalen er Daleva frå Briksdalen til utløpet i Oldevatnet vurdert, i tillegg til strekninga mellom nordre og søndre Oldevatnet som ligg ved Sunde. Dei vurderte områda langs Oldenvassdraget er vist i Figur 1 - Figur 3. I Loen er strekninga frå Lovatnet til utløpet i Lobukta kartlagt. I tillegg er deler av Glennegrova, som renn ut i Lobukta om lag 300 m sør for Loelva, vurdert. Områda som er vurdert i Loen er vist i Figur 4.




Figur 1: Vurdert elvestrekning i Olden. Strekninga mellom Olden sentrum og Floen, og mellom Floen og Nordre Oldevatn er vurdert.



Figur 2: Strekinga mellom nordre og sørlege Oldevatn er vurdert.




Figur 3: Det vurderte området sør i Oldedalen strekk seg frå der Volefossen, Melkevollen og Brikdsalselva møtest til utløpet i Oldevatnet.



Figur 4: Det vurderte området i Loen strekk seg frå Lovatnet til utløpet i Lobukta. I tillegg er nedre deler av Glennegrova vurdert.

2. Skildring av vassdraga

Loenvassdraget og Oldenvassdraget grensar til kvarandre og er to av hovudvassdraga i Stryn kommune. Begge vassdraga er omkransa av høge fjellområde på opptil 2000 moh. Jostedalsbreen dekker delar av kjeldeområda, og saman med Myklebustbreen og Skålabreen bidreg Jostedalsbreen til at vassdraga kan karakteriserast som brevassdrag. Brevassdrag har gjerne høg vassføring om sommaren grunna smeltevatn, og låg avrenning om vinteren grunna snølagring. Loenvassdraget er noko større enn Oldenvassdraget (høvesvis 260 og 225 km²), men vassdraga har relativt like felteigenskapar. Figur 5 viser nedslagsfelta til vassdraga. Sjå Kapittel 2.1 og 2.2 for ytterlegare skildringar av felteigenskapane.




Figur 5: Nedslagsfelta til Oldenvassdraget, Loenvassdraget og Glennegrova. I Oldenvassdraget er to elvestrekningar kartlagte.

2.1 Felteigenskapar Oldenvassdraget


Ved utløpet i Oldebukta er nedslagsfeltet til Oldenvassdraget 225 km² stort og ved kartleggingsområdet langs Dalelva i Oldedalen er nedslagsfeltet 89,2 km² stort. Store deler av vassdraget er dekkja av bre, og består elles hovudsakleg av skog og snauffjell. Det langstrakte Oldevatnet bidreg til demping av flaumar, og har ved utløpet i fjorden 3 % effektiv sjøprosent. Den kartlagde strekninga langs Dalelva i Oldedalen har ingen innsjøar og er vesentleg brattare enn Oldeelva lenger nede i vassdraget, noko som gjer at Dalelva reagerer hurtigare på flaumar. Vassdraget er eit høgtliggande vassdrag der ca. 40 % av feltet ligg over 1500 moh. og 67 % ligg over 1000 moh. Figur 6 viser arealfordelinga til vassdraget, Figur 7 viser hypsografiske kurver for feltet, medan Tabell 2 summerer opp dei viktigaste felteigenskapane.

Oldenvassdraget er eit brevassdrag som er utsett for smeltevassflaumar om sommaren. Det er henta ut oversikt over dei ti største flaumane frå stasjon 88.30 Nordre Oldevatn (Tabell 3).

Denne stasjonen dekker store deler av vassdraget og representerer flaumtilhøva svært godt. Oversikta viser at størsteparten av desse flaumane har vore i juli, men store flaumar i august og oktober er også registrert. Den største flaumen som er registrert var 14. juli 1941 og hadde ei vassføring på 138 m³/s (døgnmiddel). Dette representerer om lag ein 100-årsflaum. Figur 8 viser ei flaumrose som syner kva tid på året storflaumar har oppstått. Flaumrosa viser at det oftast er flaum i juli/byrjinga av august. Flaumar i september og oktober opptrer sjeldnare. Resten av året, frå november-mai, er det ikkje registrert flaumar som er større enn årsmiddelflaumen.



Figur 6: Arealfordeling i Oldenvassdraget.




Figur 7: Hypsografiske kurver for dei to elvestrekningane som er kartlagt. Kurvene viser kor stor del av nedslagsfeltet som ligg over ein gitt høgd over havet. Om lag 67 % av nedslagsfeltet til Oldenvassdraget som heilskap ligg over 1000 moh. 80 % av nedslagsfeltet til Dalelva ligg over 1000 moh.

Tabell 2: Viktigaste felteigenskapar til Oldenvassdraget ved dei kartlagde elvestrekningane.

Elv	Feltstorleik (km ²)	Effektiv sjø (%)	Feltlengd (km)	Elvegradient (m/km)	Normalavrenning (l/s*km ²)	Bre (%)	Snaufjell (%)	H _{min} - H _{max} (moh.)
Oldenvassdraget	224	2.98	24.4	49.6	72.8	33.7	36.0	1 - 1953
Dalelva	89	0	12,2	118.0	86,9	57,8	26,3	33-1940

Tabell 3: Dei ti største flaumane som er registrert ved stasjon 88.30 Nordre Oldevatn.

Dato	Flaumstorleik (m ³ /s)	Gjentakingsintervall (år)
14.07.1941	137.6	100
08.08.1939	122.1	20
08.09.1966	119.2	20
15.10.2018	118.3	10-20
30.06.2011	116.8	10-20
08.07.1914	116.0	10-20
22.07.2010	103.2	5
18.07.1955	102.4	5
02.10.1985	101.1	5



Figur 8: Flaumrose frå stasjon 88.30 Nordre Oldevatn som syner kva tid på året dei største flaumane har vore. Mesteparten av dei største flaumane har vore i juli, men det har også vore fleire store flaumar i august, september og oktober.


2.2 Felteigenskapar Loenvassdraget

Ved utløpet i Lobukta har Loenvassdraget eit 260 km² stort nedslagsfelt. 30 % av nedbørsfeltet består av bre, medan resterande del består hovudsakleg av snaufjell og skog. Nedslagsfeltet er høgtliggande der ca. 40 % ligg over 1500 moh. og 70 % ligg over 1000 moh. Lovatnet bidreg til demping, og gjev ein effektiv sjøprosent på 3,7.


Ved enden av Lovatnet ligg stasjon 88.4 som dekker store deler av nedbørsfeltet. Frå denne stasjonen er det henta ut statistikk som syner dei største flaumhendingane (Tabell 5). Den største flaumen som er registrert er, som ved Nordre Oldevatn, 14.07. 1941 kor det vart registrert ei vassføring på 145 m³/s. Dette svarar til om lag ein 100-årsflaum. Flaumrosa frå stasjonen viser at det som oftast er flaum i juli, men det er også flaumar i august, september og oktober (Figur 11).

Glennegrova drenerer den bratte fjellsida opp mot Alveinsfjellet (1496 moh.) og er eit typisk Vestlandsk bratt sidedebørsfelt som reagerer raskt på nedbør og gjev korte, men intense flaumar. Grova renn i bratt terreng ned til om lag kote 25, før den renn vidare i slakt terreng til utløpet i Lovik. Nedslagsfeltet har ingen vatn og består hovudsakleg av skog og snaufjell. Det er ingen målestasjonar i feltet.

Figur 9 viser arealfordelinga i nedslagsfeltet, Figur 10 viser hypsografiske kurver, medan Tabell 4 summerer opp dei viktigaste felteigenskapane.



Figur 9: Arealfordeling i Loenvassdraget.




Figur 10: Hypsografisk kurve for Loenvassdraget og Glennegrova. Om lag 70 % av feltet til Loenvassdraget ligg over 1000 moh.

Tabell 4: Feltkarakteristikkar for Loelva og Glennegrova ved utløpet i Lobukta.

Elv	Feltstorleik (km ²)	Effektiv sjø (%)	Feltlengd (km)	Elvegradient (m/km)	Normalavrenning (l/s*km ²)	Bre (%)	Snau fjell (%)	H _{min} - H _{max} (moh.)
Loelva	260.0	3.66	23.5	63.3	63.9	30.4	45.1	1 - 2071
Glennegrova	2.2	0	3.4	331.0	43.5	1	34.2	3 - 1492

Tabell 5: Dei ti største flaumane som er registrert ved stasjon 88.4 Lovatn.

Dato	Flaumstorleik (m ³ /s)	Gjentakingsintervall (år)
14.07.1941	144.8	100
25.07.1901	133.1	20
07.07.1914	127.3	20
04.10.1908	124.5	10-20
15.10.2018	117.6	10-20
11.08.1939	110.06	10-20
27.07.1925	109.9	5
03.08.1927	109.0	5
02.10.1985	101.1	5




Figur 11: Flaumrose frå stasjon 88.4 Lovatn som syner kva tid på året dei største flaumane har vore. Mesteparten av dei største flaumane har vore i juli, men det har også vore fleire store flaumar i august, september og oktober.

3. Klima og havnivå

3.1 Klimapåslag for flaumar

Dei fleste klimamodellane byrjar å gje rimeleg pålitelege data om global vêr- og klimautvikling, men modellane har framleis store uvisser, spesielt på regional og lokal skala. Likevel bør ein ta høgde for dei mange resultatane som peikar mot ei global oppvarming, med påfølgjande lokale klimatiske endringar. Hausten 2015 vart den siste *Klima i Norge 2100*-rapporten publisert av Norsk klimaservicesenter (NKSS). Hovudfunna i denne rapporten er at ein i Noreg må forvente høgare temperaturar, meir nedbør og meir ekstremnedbør. Ei følgje av dette vil vere at ein må ta høgde for at flaumane vert større og kjem hyppigare, og at skredfrekvensen vil auke i Noreg.

Med mellom anna denne rapporten som bakgrunn utarbeidde NVE i 2016 rapporten *Klimaendring og framtidige flommer i Norge* (Ref-4), som gjev ei meir grundig presentering av resultatane. I denne rapporten er det gjevne tilrådingar på kor mykje klimapåslag ein eventuelt bør legge til. I Sogn og Fjordane er det tilrådd å legge til 40 % aukiing i flaumar for alle elver som ligg i nærleiken av og har hovuddelen av nedbørsfeltet i område der resultatane gjev ei auke på 41-60 %. Loenvassdraget og Oldenvassdraget ligg om lag midt mellom område som viser 11-20 % og område som viser 41-60 %. Det er vidare gjort ei berekning direkte på ein av målestasjonane i Loenvassdraget, 88.4 Lovatn. Her viser berekningane at ein forventar ei auke på 59 % i klimaperioden 2071-2000. I følgje tilrådingane bør ein då legge til 40 % på dei berekna flaumstorleikane. Sidan Loenvassdraget og Oldenvassdraget er nabovassdrag med like felteigenskapar, antar vi ei liknande auke i Oldenvassdraget. Vi legg derfor til eit klimapåslag på 40 % på alle berekna flaumstorleikar.



Figur 12: Prosentvis endring i 200-årsflaum for nedbørsfelt i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

3.2 Havnivå


I nedre deler av kartleggingsområda renn elvene ut i Lobukta eller Oldebukta, og her vil stormflo og framtidige havnivåendringar vere dimensjonerande for flaumhøgden. Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB) gjev råd til korleis havnivåendring og stormflo skal handsamast i planleggingsarbeid. Tabell 6 viser tilrådde vasstandar for dei ulike sikkerheitsklassane i samsvar med TEK17. Tala gjeld for Stryn kommune og er basert på DSB sin rettleiar *Havnivåstigning og stormflo – samfunnsikkerheit i kommunal planlegging* (Ref-6).

Tabell 6: Tilrådde vasstandar for sikkerheitsklassar i samsvar med TEK17.

Sikkerheitsklasse 1	222 cm over NN2000
Sikkerheitsklasse 2	235 cm over NN2000
Sikkerheitsklasse 3	243 cm over NN2000

4. Hydrometiske målestasjonar

I både Loenvassdraget og Oldenvassdraget er det målestasjonar med lange måleseriar, noko som gjev eit godt grunnlag for estimering av flaumverdiar. Det er det også målestasjonar i Strynevassdraget som er nabovassdraget i nord, Gloppenelv og Bøyumselv som også ligg i nærleiken. Desse stasjonane er nytta som samanlikningsgrunnlag.



Figur 13: Plassering av samanlikningsstasjonar med tilhøyrande nedslagsfelt. Nedslagsfeltene til dei kartlagde områda er vist med skravur.

I nordenden av Oldevatnet ligg stasjon 88.30 Nordre Oldevatn. Stasjonen dekker om lag 90 % av nedslagsfeltet til Oldenvassdraget og har tilgjengeleg data attende til 1902. Stasjonen har blitt flytta fleire gongar og erstatta stasjon 88.2 i 1987. Stasjonen er vurdert til å ha middels kvalitet på vassføringskurva.

88.4 Lovatn ligg i vestenden av Lovatnet og har vore aktiv sidan 1900. Stasjonen dekker om lag 90 % av vassdraget, og er dermed svært godt eigna for dette prosjektet. Stasjonen har måleseriar frå tre periodar. I siste periode frå 1951 til i dag er kurvekvaliteten på stor vassføring vurdert til å vere svært bra. For periodane 1900-1936 og 1936-1951 er kurvekvaliteten på stor vassføring vurdert til å vere høvesvis middels og bra.

88.11 Strynsvatn er ein aktiv stasjon og har data frå 1903. Stasjonen har blitt flytta tre gongar, og vart i perioden 2001-2006 erstatta av 88.12 med same nedbørsfelt og vassføringskurve. NVE utførte ei flaumberekning av Strynevassdraget i 2005 (Ref-1), og vassføringskurvene vart vurdert til å vere relativt gode på flaumvassføringar. Ein valde likevel å ikkje nytte perioden fram til 1924 på grunn av ein signifikant avtakande trend i årsmaksimum i denne perioden.

87.10 Gloppenelv v/Bergheim er ein aktiv stasjon, som vart sett opp i 2006 då den erstatta stasjon 87.3 Gloppenelv v/Teita bru. Vassføringskurva vart overført på grunnlag av to år med samanlikningsdata. Data frå Teita bru er arealskalert og stasjonen har derfor tilgjengeleg måleserie som strekk seg attende til 1970. Kurvekvaliteten er vurdert til middels på stor vassføring.

78.8 Bøyumselv ligg på sørsida av Jostedalsbreen og har data attende til 1982. Bøyumselv har som dei andre stasjonane høg breprosent, men har mindre feltareal. Kurvekvaliteten er vurdert til bra.

Tabell 7: Målestasjonar med feltparameter.

Stasjon	Måleperiode	Feltareal (km ²)	Normalavrenning (l/s *km ²)	Effektiv sjøprosent	Breprosent	Høgdeintervall (moh.)
88.30 Nordre Oldevatn	1902-dd	203,1	75,7	3,4	36,7	33-1953
88.4 Lovatn	1900-dd	234,9	64,8	4,5	33,2	52-2071
88.11 Strynsvatn	1903-dd	482,0	60,5	4,8	16,2	29-1933
87.10 Gloppenelv v/Bergheim	1970-dd	218,6	79,3	0,26	16,5	138-1823
78.8 Bøyumselv	1982-dd	40,5	108,4	0,15	41,4	40-1731

5. Flaumberekningar

Målestasjonane ved Nordre Oldevatn og Lovatn har lange måleseriar og dekker store deler av områda som skal kartleggast. Flaumberekningane vil i hovudsak verte berekna utifrå vassføringsdata frå desse stasjonane. I Glennegrova er det ikkje målestasjonar, og her vil andre berekningsmetodar verte nytta. I øvre Oldedalen er det heller ingen målestasjonar, men stasjon 88.30 Nordre Oldevatn ligg lenger nedstrøms i vassdraget og vil til ein viss grad kunne nyttast. I tillegg vil det verte utført flaumfrekvensanalysar på samanliknbare stasjonar og utført berekningar med nasjonale og regionale formelverk for flaumberekningar.

5.1 Flaumfrekvensanalysar

I ei flaumfrekvensanalyse vert flaumfrekvensfordelinga bestemt utifrå ein eller fleire flaumseriar. For å estimere sannsynet for flaumar som er større enn dei som er observert, vert data tilpassa ein statistisk fordelingsfunksjon. For å få eit best mogeleg bilete av det regionale flaummønsteret og for å minimere risikoen for at enkeltseriar gjev for høge eller for låge fordelingar, er det naudsynt å utføre flaumfrekvensanalysane på fleire stasjonar. Olden- Loen- og Strynevassdraga er tre nabovassdrag med like felteigenskapar. Dei tre målestasjonane i desse vassdraga har alle måleseriar på meir enn hundre år, og er vurdert til å gje eit godt grunnlag for analysane.

Alle vassdraga som er nytta er brevassdrag der flaumar ofte opptrer på sommaren som resultat av bresmelting, gjerne kombinert med regn, noko som også er vist på statistikken. Men av dei største flaumane som er registrert ved målestasjonane, er det likevel fleire store haustflaumar. Ein må derfor også forvente at både haust- og smelteflaumar om sommaren vil kunne opptre i vassdraga. Flaumfrekvensanalysane er derfor gjort på årsflaumar, noko som også er den mest brukte metoden i Norge (Ref-3).

5.1.1 Berekning av døgnmiddelflaum

Flaumfrekvensanalysane er gjort med programma flaumanalyse og ekstrem, som er tilgjengeleg gjennom Hydra II. Resultat funne i Ref-2 indikerer at ved serielengder på meir enn 50 år, gjev ei GEV-fordeling best resultat. Det er også tilrådd å bruke ei Bayesiansk tilpassing dersom ein har meir enn 10 år med data. I denne analysen vart det prøvd fleire fordelingsfunksjonar, og sett på kva funksjon som gav den best tilpassa kurva. Resultata viste at ved alle målestasjonane, så gav ei GEV-fordeling med ei Bayesiansk tilnærming best resultat. Vidare ser vi godt samsvar i flaumfrekvensfaktorar for mindre flaumar, men at ved større flaumar viser Lovatn noko større frekvensfaktor. Skilnaden er likevel ikkje større enn kva ein kan forvente innan same region. Tabell 8 viser resultatata frå flaumfrekvensanalysane. Vekstkurvene er vist i vedlegg 1.

Tabell 8: Frekvensanalysar for dei aktuelle målestasjonane. Analysane er gjort på årsflaumar.

Stasjon	Periode	Feltareal (km ²)	Q _M		Q ₅ / Q _M	Q ₂₀ / Q _M	Q ₅₀ / Q _M	Q ₁₀₀ / Q _M	Q ₂₀₀ / Q _M	Q ₅₀₀ / Q _M	Q ₁₀₀₀ / Q _M
			m ³ /s	l/s*km ²							
88.30 Nordre Oldevatn	1902-2019	203,1	77	379	1,21	1,45	1,57	1,66	1,73	1,83	1,90
88.4 Lovatn	1936-2019	234,9	81	345	1,18	1,43	1,57	1,70	1,80	1,95	2,07
88.11 Strynsvatn	1924-2019	482,0	125	259	1,19	1,48	1,57	1,67	1,77	1,93	2,06
87.10 Gloppenelv	1970-2019	218,6	129,2	591	1,19	1,60	1,88	2,10	2,33	2,65	2,92
78.8 Bøyumselv	1982-2019	40,5	24,1	599	1,20	1,56	1,80	1,98	2,22	2,45	2,68

5.1.2 Berekning av kulminasjonsflaum

Berekningane ovanfor er gjeve som døgnmiddelvassføringar. I flaumsonkartleggingar legg ein til grunn flaumtoppen, også kalla kulminasjonsflaumen. I vassdrag som dette der målestasjonane er i enden av store vatn som fungerer som ei demping, vil ein forvente liten skilnad mellom døgnmiddelflaum og kulminasjonsflaum. Både Lovatn og Nordre Oldevatn har tilgjengeleg flaumdata med timesoppløysing, og for finne forholdet mellom kulminasjonsvassføringa og døgnmiddelvassføringa (Q_{mom}/Q_{mid}), er det sett på dei ti største observerte flaumane i vassdraget der det er tilgjengeleg både døgnvassføringar og kulminasjonsvassføring.

Ved Lovatn varierer forholdstalet frå 1,01-1,07, med eit gjennomsnitt på 1,03. Det største forholdstalet gjeld haustflaumen som var i oktober 2018. Nordre Oldevatn viser eit gjennomsnitt på 1,06. At det er høgare forholdstal ved Nordre Oldevatn skuldast truleg at det er fleire haustflaumar blant dei ti største flaumane. Det er også noko større feltareal og effektiv sjøprosent ved Lovatn, noko som gjev meir demping og mindre skilnad mellom døgnmiddelflaum og kulminasjonsflaum. Ved Nordre Oldevatn er største forholdstal på 1,1 og er også frå oktoberflaumen i 2018. I framtida er det forventta at haustflaumar kan førekome oftare. For å ta høgde for fleire haustflaumar i framtida, legg vi til grunn høgste forholdstal for berekning av kulminasjonsflaum. Forholdstalet ($Q_{\text{mom}}/Q_{\text{mid}}$) for Lovatn vert dermed 1,07 og 1,1 for Nordre Oldevatn.

5.2 Regional flaumfrekvensanalyse (RFFA 2018) og Nasjonalt formelverk (NIFS)

I Glennegrova i Loen og i Dalelva i Oldedalen er det ingen målestasjonar. Stasjonen i Nordre Oldevatn kan til ein viss grad brukast for Daleva, men større feltareal og effektiv sjøprosent, gjer at denne stasjonen ikkje er direkte samanliknbar. For desse elvestrekningane er det derfor brukt tilgjengeleg formelverk til å berekne flaumstorleikar.

5.2.1 Regional flaumfrekvensanalyse (RFFA 2018)

NVE utarbeidde i 2020 ein rapport som gjev tilrådingar kring berekning av flaumstorleikar i felt utan målestasjonar (Ref-2). I felt større enn 60 km² utan måledata, er det tilrådd å bruke regional flaumfrekvensanalyse (RFFA 2018). Metoden tek utgangspunkt i regionale flaumfrekvensanalysar som baserer seg på samanhengen mellom dimensjonerande flaum og felteigenskapar. RFFA 2018 er basert på indeksflaum-metoden, der indeksflaumen vert berekna basert på felteigenskapar, og så vert ei standard vekstkurve nytta for å finne ynskt flaumstorleik (Ref-2).

RFFA 2018 er nytta for å finne flaumstorleikar ved Dalelva i Oldedalen. Ved utløpet i Oldevatnet har elva eit nedslagsfelt på 89,2 km², og ligg dermed innanfor gyldighetsintervallet. Strekninga som er kartlagt langs Dalelva er om lag 6 km lang. Flaumstorleikane er derfor berekna ved to punkt langs strekninga; nedstrøms for samløpet mellom Volefossen og Melkevollelva og ved utløpet i Oldevatnet.

Ein bør alltid vurdere resultat opp mot samanliknbare felt med målestasjonar eller andre metodar. Vi har nytta flaumfrekvensanalysar frå 88.30 Nordre Oldevatn, som ligg lenger nedstrøms i vassdraget, 87.10 Gloppenelv v/Bergheim og 78.8 Bøyumselv som samanlikningsgrunnlag. Nordre Oldevatn viser vesentleg lågare middelflaum og vekstfaktorar, noko som er forventta sidan stasjonen ligg i enden av Oldevatnet som fungerer som demping på flaumar. Gloppenelv og Bøyumselv har lite demping, og representerer felteigenskapane til Dalelva betre. Middelflaumen samsvarar bra med desse to stasjonane, men vekstfaktorane ved samanlikningsstasjonane er noko høgare, spesielt ved Gloppenelv. Begge desse stasjonane representerer dei regionale flaumtilhøva bra, og resultatane frå RFFA 2018 er derfor truleg noko underestimert. Med omsyn til feltareal og effektiv sjøprosent, vil nok Bøyumselv representere flaumtilhøva ved Dalelva best. Flaumkurva til Bøyumselv er vurdert til å vere bra på høg vassføring, medan Gloppenelv er vurdert til middels. Det er derfor knytt større usikkerheit til berekningane ved Gloppenelv. Med omsyn til feltareal og effektiv sjøprosent, er Bøyumselv i tillegg vurdert til representere flaumtilhøva ved Dalelva best, og flaumfrekvensfaktorane frå Bøyumselv vil derfor verte nytta som grunnlag ved Dalelva.

Tabell 9: Middelflaum og vekstfaktorar berekna med RFFA 2018. Middelflaumen er gjeve som kulminasjonsflaum. Skalerte resultat frå flaumfrekvensanalysen ved stasjon 88.30 Nordre Oldevatn og resultat frå andre samanliknbare stasjonar er teke med som samanlikning.

Lokalitet langs Dalelva	Feltareal (km ²)	Effektiv sjøprosent	Kulminasjonsfaktor	Q _M (l/s*km ²)	Q ₂₀ /Q _M	Q ₂₀₀ /Q _M	Q ₅₀₀ /Q _M	Q ₁₀₀₀ /Q _M
Nedstraums for samløpet med Volefossen /Melkevollelva	49.3	0.10	1.66	1030	1.52	2.02	2.22	2.38
Utløpet i Oldevatnet	89.1	0.03	1.57	890	1.51	1.99	2.19	2.35
FFA 87.10 Gloppenelv*	218.6	0.26	1.48	874	1.60	2.33	2.65	2.92
FFA 88.30 Nordre Oldevatn*	203.1	3.40	1.57	594	1.45	1.73	1.83	1.90
FFA 78.8 Bøyumselv*	40.5	0.15	1.54	922	1.56	2.22	2.45	2.68

5.2.2 Nasjonalt formelverk for flaumberekningar i små felt (NIFS)

For Glennegrova i Loen og ved Volefossen og Melkevollelva i Oldedalen, er nasjonalt formelverk for flomberekningar i små felt nytta (Ref-3). Formelverket bereknar middelflaum og vassføringar med høgare returperiodar, direkte på kulminasjonsverdiar for små (< ca. 50 km²) uregulerte felt i Norge og er basert på regresjonsanalysar. Formelverket er testa på meir enn 4000 nedbørsfelt. Inngåande parameter er feltareal, normalavrenning og effektiv sjøprosent. I følgje formelverket er middelflaumen (Q_M) gitt ved:

$$(1) \quad Q_M = 18.97 Q_N^{0.864} e^{-0.251 \sqrt{A_{SE}}}$$

der Q_N er nedbørsfeltets normalavrenning (m³/s), henta frå NVE sitt avrenningskart i perioden 1961 – 90, A_{SE} er den effektive sjøprosenten og *e* er eit grunntal.

Vekstkurva er gitt ved:

$$(2) \quad Q_T/Q_M = 1 + 0.3808 \times q_N^{-0.137} [\Gamma(1+k)\Gamma(1-k) - (T-1)^{-k}] / k$$

der q_N er normalavrenninga (l/s × km²) i perioden 1961-1990 henta frå avrenningskartet, Γ er gammafunksjonen, T er gjentakingsintervall og k er ein konstant som er gitt ved:

$$(3) \quad k = -1 + 2 / [1 + e^{0.391 + 1.54 \cdot A_{SE} / 100}]$$

Tabell 10 viser resultatata frå flaumberekning ved bruk av nasjonalt formelverk for små felt.

